



Kartleggingsrapport

Av universelt utforma og godt tilgjengeleg turar



Sogndal kommune

Innhald

Introduksjon.....	s.3
1 Innhald i Kartleggingsarbeidet	s.4
1.1 Kartleggingsarbeid	
1.2 Informasjonsgiving og tryggleik	
1.3 Avgrensing av prosjektet	
2 Definisjonar & krav.....	s.5
2.1 Universelt utforma tur (UU tur)	s.7
2.2 Godt tilgjengeleg tur	s.16
3 Kartlegging av fysiske forhold	s.20
3.1 Kaupanger	s.22
3.2 Leikanger	s.25
3.3 Fjærland	s.28
3.4 Balestrand	s.31
3.5 Sogndal	s.34
3.6.Eksempel på Kartlegging og tiltaksbeskrivelse	s.37-45
5 Kartlegging av turinformasjon	s.46-51
6 Oppsummering av tiltaksrådingar	s.54

Foto: Helene halsos/ halsosfoto



Introduksjon

Sogndal kommune vart ny kommune i 2020, etter samanslåing av dei gamle kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand. Kommunen er ein tilflyttingskommune, mellom anna på grunn av ein sterk aktivitets- og friluftslivsprofil. Likevel skaper bratte fjell og moderne friluftsliv ein høg terskel for deltaking hjå mange. Aktivitetane, og store deler av uteområda, ekskluderer særleg innbyggjarar med nedsett funksjonsevne. Dei turane som er tilrettelagt for lågterskel friluftsliv, er det lite informasjon om og fokus på, og mange av innbyggjarane veit ikkje vet om dei. Sogndal kommune ønskjer difor å styrke satsinga på universelt utforma, og godt tilgjengeleg nærturar og møteplassar kring skular, barnehagar og tettstader.

1 Kartleggingsarbeidet

1.1 Kartleggingsarbeid

Universelt utforma og godt tilgjengelege turveggar og stiar er sparsamt kartlagt i kommunen. Det er tidlegare gjennomført tilgjengelegheitskartlegging for Kartverket i dei gamle kommunane, men kartleggingane er ufullstendige og avgrensa til sentrumsområda. Kommunen har difor valt å gjere ein meir omfattande kartlegging av nærturar og møteplassar som eignar seg for personar med nedsett funksjonsevne kring skular, barnehagar og tettstader i kommunen. Me har også kartlagt kva nærturar og møteplassar som kan bli universelt utforma og godt tilgjengeleg med små tiltak og investeringar. Me kjem ved nokre høve også med anbefalingar om nye turløyper eller stiar som kan heve kvaliteten på tilbodet. Kartlegginga gjekk gjennom tre hovudfasar: 1) arbeidsverkstad i kvar tettstad, 2) kartlegging i felt og 3) dokumentasjon og analyse.



Folk med ulike funksjonvariasjonar har vert med ute i felt, for å sikre relevant og korrekt vurdering av behov og forhold

1.2 Informasjonsgiving og tryggleik

Naturen kan vere ein viktig arena for meistring. Men når naturen er full av hinder som gjer at ein ikkje kjem seg fram, og gong på gong møter utfordringar som ein ikkje klarar å meistre, kan dei positive sidene ved naturopplevinga bli skugga over av dei negative opplevingane. Møter ein mykje motgang i livet og har ein kvardag kor ein opplev å ikkje meistre, er det lett å bli meir sårbar og lei i møte med motgang. For å sikre at alle opplev meistring på tur, er det

viktig å vite på førehand kva type tur det er og kor krevande den er. God og beskrivande informasjon om turen og underlaget gir deg moglegheita til å få den informasjonen, og er ein viktig måte å senke terskelen for å ta i bruk naturen. Me har difor jobba saman med DNT for å kartlegge informasjonsbehovet til "godt tilgjengelege" turar. Målet er å finne ut korleis me kan produsere informasjon som gjer det lettare for ulike brukargrupper å finne turar som passar deira behov, på tross av ulike funksjonsnedsettingar.



Det finst mange tura i Sogndal kommune som er tilgjengeleg for mange brukargrupper. Eit av måla med prosjektet er å identifisere og informere om dei.

1.3 Avgrensing av prosjekt

I prosjektet skal me identifisere og trekke fram turløyper som er tilgjengeleg for eit breitt spekter av brukarar og som har stor opplevingsverdi. For å avgrense omfanget av turar som blir kartlagt, har me valt å fokusere på turar som ligg i nærleiken til skule og tettstad.

Val av turløyper blei gjort i lag med eldsjeler på arbeidsverkstader i kvar tettstad. Der fekk frivilligheita dele sine erfaringar og tankar om kva område som

har potensialet for å bli universelt utforma eller godt tilgjengelege turar. Resultatet frå verkstadane var utgangspunktet for den vidare feltkartlegginga som vart gjennomført sommaren 2022. Basert på kartlegginga vil prosjektgruppa gå i dialog med barnehagar, skular, frivillige lag og organisasjonar og grunneigarar om kva nærturar og møteplassar som ein bør prioritere å gjere meir universelle med små tiltak og investeringar. Basert på dialogen vil desse utbetringane følgjast opp vidare i det kommunale apparatet og i dei frivillige organisasjonane.



Kongeplassen på Kaupanger

2 Definisjonar & krav

Utdjuping av uttrykka Universelt utforma tur & Godt tilgjengeleg

2.1 Universelt utforma tur (UU) tur)

Universell utforming er ein langsiktig nasjonal strategi som skal bidra til å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle, og forhindre diskriminering. Dette skal gjerast ved å utforme produkt, omgjevnader og tenester på ein slik måte at flest mogleg kan ta dei i bruk.



Naturen, eit gode alle burde ha tilgang på. Foto: shutterstock.

2.1.1 Lovverk rundt Universelt utforma turar

I TEK17, er det ein presis beskriving av kva krav som stillast og kva uteområde som skal ha universell utforming. Det er til dømes krav til UU utforming av uteopphaldsareal, *gangtilkomst og gangliner, til trapp, rekkverk, ramper, avfallssystem, toalett, tryggleik, parkeringsplass, anna oppstillingssareal og køyretilkomst mv. Turar og uteområde som møter krava i TEK17, kan difor definerast som universelt utforma turar.

*Turveggar reknast som gangtilkomst når dei går frå opparbeida parkeringsplass til eit opparbeida uteopphaldsområde. For opparbeiding av desse områda, bør ein følgje krava og anbefalingane som er gitt i Norsk Standard for universell utforming av opparbeida uteområde. Standaren NS 11005:2011 er ein vegleiar for blant anna planlegging, prosjektering, utføring og tiltak for turveggar som skal vere tilrettelagt for folk flest, trass ulike fysiske føresetnader.

Sterkt anbefalte tiltak ved UU utformet turveggar

- Informasjon
- Toalett
- Parkering
- Turveg
- Kvilebenker som er utforma etter tek 17 standard

Krav til universelt utforma turveggar


Krav som må ivaretakast for at ein turveg skal vere universelt utforma.

Bredde	120 cm - 180 cm*	*Anbefalt breidde på 180 cm (slik at det er plass til to møtande rullestolar). Krav til vegbreidde er avhengig av brukarintensitet og møteplassar.
Stigning	Maks 6,7% *	*Er det en kortere strekkning på under 5m, kan stiningen være på 8,3%. For elektriske rullestolar skal stigninga ikkje vere større enn 17,63%.
Tverrfall	Maks 5%	
Dekke	Fast og jamt, utan nivåskilnader	
Ledelinje	For synshemma er det krav om sammenhengande og tydeleg føringskant.	
Fri høgde	Min 225 cm	For å hindre kollisjon med lave hindringar for syn-
Bom*	Min 90 cm	* Tilkomst på sida av sperrebom og gjerder. Dersom passasje eller grindar er for smale kan ikkje rullestolbrukarar passere.

For meir detaljer om korleis utforme friluftsområde for funksjonsnedsette, sjå vegleiar: Kartlegging av tilgjengelighet av friluftslivområder (www. <https://www.kartverket.no/globalassets/geodataarbeid/tilgjengelegheit/veilederfriluftsomrader.pdf>) .

For turvegar som ikkje går frå opparbeida parkeringplass til eit opparbeida uteopphaldsområde kan kommunen etter lovverket sjølv stille krav. Stiar er heller ikkje dekkja av TEK17-forskrifta. Ved opparbeiding av desse stiane/turvegane, anbefalast det å følgje anbefalingane som er gitt i Norsk Standard for universell utforming av opparbeida uteområde i den grad det er mogleg. Sjølv om ein ikkje er lovpålagt å oppfylle minimumskrava bør det vere kommunen sitt mål å tilrettelegge for flest mogleg brukarar i den grad det er realistisk og forsvarleg.

Eksempelbilder på gode og dårlege forhold



Tydeleg kontrast mellom sti og natur, skapar ei tydeleg føring-skant



Lite kontrast mellom sti og omgjevnader kan gjere det vanskeleg for dei med dårleg syn å navigere seg rundt

↓ Smal passasje ved bom gjer det vanskeleg for rullestolbrukarar og barnevognar å kome forbi



2.1.2 Når krava til universell utforming ikkje kan/ bør innfriast

Det er viktig å vere bevisst på at dei aller fleste naturområda ikkje kan bli tilgjengelege for alle.

Dette kan kome av ulike grunnar:



Topografi

Naturgjevne føresetnader kan gjere at tilrettelegging vil krevje for store inngrep, eller blir for økonomisk kostbart. Bratt terreng kan for eksempel gjere at universelt utforma stigningsforhold ikkje er mogleg. Oppstår dette i område som kommunen har sat til å vere eit godt tilrettelagt område bør kommunen tilrettelegge så godt som mogleg for dei brukargruppene ein kan med andre tiltak.

Eksempel 1: Klarar me ikkje å tilrettelegge for rullestolbrukarar betyr det ikkje automatisk at me ikkje kan tilrettelegge for andre brukarar med nedsett funksjonsevne. Ein bratt sti kan ikkje brukast av ein rullestolbrukar, men for ein som er svaksynt er det ikkje eit problem å bruke turvegen så lenge den har ledelinje og jamnt underlag.

Eksempel 2: Sjølv om anbefalt stigningsforhold ikkje er mogleg å opprettholde på enkeltparti, bør krav til dekke og breidde følgjast, og stigningsforholda vere så gode som mogleg utanom det bratte partiet.

Landskap

Kor og korleis me tilrettelegg bør variere etter kva betydning og funksjon områda har for friluftslivet i dag, og kva utvikling me ønskjer.

Det å vere i urørt natur er viktig for mange. Sjølv om mangel på tilrettelegging kan gjere at visse brukargrupper ikkje kjem seg fram, har urørt natur framleis ein stor verdi. Det er ikkje alt landskap som skal gjerast tilgjengeleg gjennom menneskelege inngrep. Det er difor naudsynt å systematisk dele område i kommunen i soner, der me har nokre soner med høgare grad av tilrettelegging og nokre soner med urørt natur som skal fortsette å vere utan menneskelege inngrep.

Sårbart naturmangfald

Me bør unngå å utføre tilrettelegging som gir negativ påverknad på sårbare og truga plante- og dyrearter, truga naturtypar, verneområde eller andre verdifulle naturområde.

2.1.3 Anbefalte soner for friluftsområde med universell utforming

Sjølv om det ikkje er mogleg eller meininga å gjere all natur tilgjengeleg, er det viktig å identifisere dei områda som er eigna for universell utforming og tilrettelegge for desse. Særleg er dette viktig i og ved tettstadene og i nærområda til populære attraksjonar.

- Turveggar i tettbygde område bør følge krava til gangtilkomst i TEK17 så langt det let seg gjere. Manuell rullestol og rullator bør vere dimensjonerande faktor. Det bør vere så gode stigningsforhold som mogleg, helst 1:20.
- Kommunen kan velje ut nokon utsiktspunkt eller andre attraktive målpunkt som får universelt utforma tilkomst.
- Tettstadsnære turveggar bør vere tilgjengeleg for elektrisk rullestol og tvillingbarnevogn. Det betyr stigning 1:12 generelt, med moglegheit for 1:10 på kortare strekningar.
- Turveggar i meir perifere og kuperte område må vurderast særskilt og i større grad tilpasse seg terrenget.



Ikkje all natur skal tilretteleggast

2.1.4 Bruk av vegleiarar

Det er mange gode vegleiarar for kva mål og element som er viktig når det kjem til tilrettelegging av friluftsområde. Eksempel på dette er:

- Universell utforming av uteområde, Universell utforming AS
- Kartlegging av tilgjengelig og universell utforming av friluftsområder, Kartverket
- Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, Miljødirektoratet



Naturen, ein god arena for sosiale aktivitetar

2.2 Godt tilgjengeleg tur

Ifølge DNT sin merkehandbok betyr “godt tilgjengeleg tur” at ferdselsåra er tilgjengeleg for eit breitt spekter av brukarar, men det må ikkje vere turveggar eller oppfylle alle krava til universell utforming. Dei skal minimum vere like tilgjengelege som turløypene med grøn merking, jamfør krava i merkehandboka.

2.2.1 Krav til godt tilgjengeleg tur

For at ein tur skal vere godt tilgjengeleg, er det sterkt anbefalt at følgjande eigenskapar er på plass:

- Ein godt tilgjengeleg tur bør ha stor opplevingsverdi som ligg nærare enn **5 km frå turstart**. Eksempel på element som kan tilby ein stor opplevingsverdi er til dømes bål plass, gapahuk, fin utsikt eller liknande.
- Moderat stigning under **17%/10 grader**. På kortare strekningar kan stigningen vere større.
- Ingen lange, bratte bakkar.
- Asfalt, grus eller stiar/turveggar med jamt dekke.
- Stiar/turveggar med stor grad av opparbeiding som gir god framkomst.
- **Hovudsakleg korte turar**. Dersom turen er lenger er det endå viktigare at stien går i flatt terreng.

Fleire anbefalingar for god tilgjengelgelg tur

For å gjere turvegane tilgjengeleg for endå fleire brukarar anbefalast i tillegg noko supplerande tilrettelegging:

- Benkar som er tilgjengeleg plassert og utforma. Dette er viktig for dei som treng å kvile jamleg og som har vanskar med å sitte på bakken.
- Rasteplassar/samlingspunkt bør vere tilgjengeleg plassert og utforma. Det skal vere mogleg for ein rullestolbrukar å kome seg bort til samlingspunktet, at det er plass til rullestolen under tak i gapahuken, og i sirkelen rundt bålplassar.
- Passering ved sidan av bom og gjennom grunder med ein minimusbredde på 90 cm. Dette er viktig for at barnevogner og rullestolar kan komme seg forbi bom og grunder.
- Grunder som er enkle å opne og lukke. Hugs at den også må vere enkel å opne og lukke for ein som sit i rullestol. Parkering bør vere i nærleiken av turstart.

Ikkje undervurder viktigheita av samlingspunkt som bålplassar, utsiktspunkt, gapahukar.

For mange brukarar er samlingspunktta i naturen avgjerande element for at dei skal kunne ta den i bruk. Samlingspunktta legg til rette for at dei som ikkje kan gå så langt, likevel kan få moglegheita til å vere i naturen, samt å delta i det sosiale som ofte skjer rundt ein bålplass. Dette svarer til to viktige prinsipp innanfor universell utforming, som handlar om å skape tenester som krev låg fysisk anstrenging og som samstundes innbyr til variert bruk. For dei som ikkje ønskjer/klarar å gå så langt, kan ein plass med fin utsikt og benkar vere ein fin motivasjon til å komme seg ut. Det å legge til rette for at så mange grupper som mogleg kan få vere med vener og familie ut i naturen, har stor verdi for

mange.

Tilgjengelegheita skal omtalast i Kartverket sin tur-rutebase og i anna informasjonsmateriell slik at brukaren kan vurdere eigne moglegheiter for å gå/ rulle turen. Akkurat korleis informasjonen til "godt tilgjengelgelg turer" skal bli utforma er endå ikkje bestemt. Dette blir jobba med på nasjonalt nivå og er truleg klart i løpet av 2023. Målet er å tilby god nok informasjon til at brukarar som treng tilrettelegging enkelt finn det dei treng av informasjon for å vurdere om ein tur er tilrettelagt for deira behov eller ikkje. Er det for eksempel mykje bratte bakkar eller hindringar med stor nivåskilnad bør dette omtalast.

Samlingspunkter med utsikt er noko som gleder mange, og invitera til aktivitetar som mange brukar-gruppar kan bli med på (med forbehold om at plassen er tilgjengeleg). →

Korleis velje grad av tilrettelegging?

I godt tilgjengeleg kategorien er det større rom for å velje grad tilrettelegging enn for ein universelt utforma tur. Sjølv om det ikkje er like strenge krav til fysiske forhold i denne kategorien, bør me likevel forsøke å tilrettelegge ferdselsårer på ein slik måte at turane blir tilgjengeleg for så mange som mogleg.

Dersom turen er i nærleiken av busetnad, har potensial til å bli ein populær turveg, eller har stor opplevelsesverdi, bør kommunen vurdere å gjere større tiltak i den grad det er mogleg. Dersom tilrettelegginga kan øydelegge friluftslivsverdiar, naturverdiar eller kulturminneverdiar bør større tilrettelegging fråvikast.





3 Kartlegging av fysiske forhold

Kartlegginga er gjort gjennom fysisk synfaring, der verktøy som måleband, GPS og digitalt vater blei brukt. Under kartlegginga var det eit stort fokus på brukarmedverknad. Dette vart gjort ved at brukarar med ulike funksjonsnedsettingar var med på synfaringa, der dei fekk kome med tankar, dele opplevingar og ønskjer. Dette var for å kvalitetssikre og for å utvide tankesettet til den som gjorde sjølve kartlegginga.

Det er viktig å presisere at kartlegginga og vidare anbefalingar er gjort uten dialog med grunneigarar. Forslaga til tiltak er berre forslag, og ingen av dei kan bli utført utan at kommunen eller lag/organisasjonar har vore i dialog med grunneigar og blitt einige om ein avtale mellom partane.



3.1 Kaupanger

Kaupanger har store skogsområde med spektakulær fjordutsikt og slake traktorveggar som slynger seg gjennom terrenget. Det er difor fleire turar som med små tiltak kan tilfredsstillende krava til ein godt tilgjengeleg tur. Her handlar det i stor grad om å gjere informasjonen om turane meir tilgjengeleg og at samlingsplassar blir betre tilrettelagte. Samstundes er avstanden frå sentrum til turstart generelt stor i Kaupanger, noko som aukar terskelen for brukarane.

Universelt utforma turar på Kaupanger

Ingen av turvegane på Kaupanger går under kategorien universelt utforma. Dette er på grunn av fysiske forhold på turvegane som for bratt stigning, ujamnt underlag med stein og røter som skaper ei trinnhøgde over 2cm eller underlag som ikkje er kompakt nok. Samlingsplassane er heller ikkje utforma etter anbefalingane for tilrettelagte samlingsplassar og mange av dei er plassert slik at rullestol-

brukarane ikkje har tilgang. Fleire bommar og grunder har for smal passasje og er tungvinte å opne. Det er identifisert fleire bommar og grunder som skaper total hindring for at rullestolbrukarar og barnevogner kan komme seg forbi.

Det er lite informasjonsskilt og informasjon på nett, få HC parkeringar og ingen hc toalett ved startpunkta.

3.1.1 Konsekvensen av fysiske forhold

Desse forholda gjer at brukargruppene som brukar rullestol og som er svaksynte vil møte store utfordringar om dei skal ta i bruk turvegane på Kaupanger. Dette nokon av hovedårsakane:

Redusert framkommeleg for hjulbrukarar

Det ujamne underlaget i form av stein og røter som har trinnhøgde på over 2 cm fører til at rullestolbrukarar og barnevognbrukarar blir hindra eller må anstrenge seg svært mykje for å ta seg fram. Eit for høgt tverrfall fleire stader fører også til risiko for å velte. Manglande vedlikehald i form av trefall som blir liggande over stien/turvegen og høgt gras som veks på turvegen gjer at synsnedsette kan ha problem med å navigere seg på stien/turvegen og ha uheldige samanstøyt med hindringar.

Total hindring

Grunder som er vanskelege å opne, og bommar som har ein for smal passasje for å koma forbi med rullestol, kan skape ein total hindring for mange brukarar fordi dei rett og slett ikkje har tilgang til turløypene.

Manglande kvileplassar

Samlingsplassar i naturen som er plassert på stader som er utilgjengelege for rullestolbrukarar fører til at mange ikkje kan ta del i det sosiale som ofte skjer rundt for ein bålplass. Utforminga av samlingsplassane er stort sett heller ikkje tilrettelagte for personar med funksjonsnedsetting. Mange av samlingsplassane har benkar som er lågare enn kva som er anbefalt. Konsekvensen av dette er at dei som har problem med å bøye seg langt ned eller reise seg opp, vil møte problem når dei skal ta i bruk samlingsplassane.



Det manglar tilrettelagte samlingsplassar på Kaupanger. Her er benken lågare enn anbefalt.



Røtter skaper redusert tilgjengelegheit for mange brukargrupper

Tiltaksrådingar - Kaupanger

På Kaupanger bør me følgje tiltaksforslaga som ligg i kartleggingsdokumentet (sjå vedlegg) for å legge til rette for at så mange brukargrupper som mogleg kan ta i bruk naturen. For turane på Kaupanger går dette i stor grad ut på følgjande:

- Oppgradere benkar, gapahukar og bålplassar. Er området tilgjengeleg bør tilkomsten til benkane vere rullestolvenlege slik at dei kan brukast av eit breitt spekter av brukarar.
- Underlag på utvalde ferdselsårer bør bli utjamna og fastare, og turvegane/-stiane må vedlikehaldast.
- Lage passasje forbi bommane på minimum 90 cm
- Informasjonen om turane må oppdaterast, og tilgjengelegheita til turane må beskrivast. Denne informasjonen bør bli delt i dei ulike informasjonskanalane frivilligheita og kommunen nyttar.
- Det bør lagast minst ein universelt utforma turveg på Kaupanger
- Det bør blir ein gang/sykkelveg som gjer det mogleg og attraktivt å sykle/gå frå Sogndal til Kaupanger. Det bør vere skilt frå bilvegen. Det finst ei rute som i teorien gjer det mogleg å komme seg frå Kaupanger til Sogndal utan å gå langs bilvegen, men ruta har mykje stigning og dårleg underlag med røter og steinar. Mange synst underlaget er for ujamnt til at dei kan sykle og gå tur med barnevogn der.
- Lage ei godt tilgjengeleg ferdselsåre mellom Kaupanger sentrum og Amla som senkar terskelen for å gå/sykle framfor å ta bilen.



3.2 Leikanger

Leikanger tilbyr fantastisk fjordutsikt og flotte dalar, som er tilgjengeleg gjennom slake traktorveggar og naturskjønne stiar. Det er difor fleire turar som med moderate tiltak vil tilfredsstille krava til ein godt tilgjengeleg tur. Her handlar det hovudsakeleg om manglande informasjon som beskriv tilgjengelegheita og mangel på tydelege turmål med utsikt og samlingsplassar. Frå sentrum er turane stort sett bratte, og ønskjer ein å komme opp til ein flat sti/turveg, krev det bil eller at man har bil eller klarar å gå i bratte bakker for å kome til turstart.

Universelt utforma turar på Leikanger

Det er ingen av turvegane eller uteområda på Leikanger som tilfredsstiller krava til ein universelt utforma tur. Henjadalen kan gjere det dersom ferdigstillinga av turvegen blir gjort etter TEK 17 krava, samt at anbefalinga for utarbeiding av uteområda blir følgd. Det finst traktorveggar på Leikanger som har slak nok stigning til at dei med elektrisk rullestol kan ta dei i bruk, men ingen

av dei har per no riktig stigningsgrad, tverrfall eller underlag til å kategoriserast som universelt utforma. Ei anna utfordring på Leikanger handlar om at dei turvegane som er relativt flate tilbyr liten opplevingsverdi og er tungvinte å kome til. Fleire av turvegane går i område med lite utsikt og det er få tilrettelagte samlingspunkt.

3.1.1 Konsekvensen av fysiske forhold

Den manglande tilrettelegginga gjer at Leikanger går frå å vere ein stad som kunne vore eit godt tilrettelagt fjordeldorado, til eit område som er ganske dårleg tilrettelagt. Dette er nokon av konsekvensane det førar med seg:

Ekslukderande uteområder

Eit problem på Leikanger er mangel på heilskapleg tilrettelegging, noko som gjer at mange brukargrupper blir ekskludert frå å ta i bruk uteområda og aktivitetar/sosiale samlingar som skjer der. Det er for eksempel ein flott badeplass på Fylkesmannsstranda som allereie har tilrettelagt toalett og parkering, men ikkje tilkomst til vatnet. Det var ei baderampe der, men den er no øydelagt. I nærleiken til badeplassen er det og ein gapahuk, men stien dit er smal, gjengrodd og dårleg merka. Det vil difor vere vanskeleg for synsnedsette og rullestolbrukarar å komme seg bort til gapahuken på grunn av manglande breidde og kontrastar på tilkomstvegen.

Ujamnt undrelag som skapar fare/ubehag

Forholda på stiane/turvegane gjer at brukargrupper som har behov for rullestol eller har synsnedsetting har utfordringar med å ta seg fram. Tverfallet på fleire av turane er større enn anbefalt, noko som skaper risiko for å velte med rullestol. Steinar og røter skaper ubehag/total hindring for brukargrupper som synsnedsette, rullestolbrukarar og barnevognbrukarar. Dersom ein med sterkt redusert syn konstant må gå å føle seg fram i det ujamne terrenget p.g.a. steinar og røter, vil det for mange bli opplevd som veldig slitsamt.


Snevert bruksområde

Den manglande opplevingsverdien på turvegane på Leikanger gjer at det for mange kan opplevast kjedeleg å ta dei i bruk, samt at bruksområdet blir snevert. Per no inviterer desse vegane til gåturar, men dette passar ikkje alle. For dei som ikkje kan gå så langt, er det ekstra viktig med turvegar/stiar som tilbyr vakre element, slik som for eksempel utsikt og moglegheita til å sitte ned og nyte naturen. Mangel på gode turvegar/-stiar nær sentrum gjer at det kan opplevast som tungvint og vanskeleg å komme til naturomkransa turvegar for dei som bur nedst på Leikanger. Dei bratte dalsidene gjer at tilgjengelegheita til turmåla er avhengig av kvar ein bur i bygda. Dette gjer at mange innbyggjarar på Leikanger må klare å gå i bakkar eller ha bil for å komme seg ut på tur. At det opplevast krunglete å komme seg fram til turstarten aukar terskelen for å koma seg ut på tur.

Tiltaksrådingar - Leikanger

Sidan fleire av dei godt tilgjengelege turane allereie har eit så godt utgangspunkt, blir det anbefalt å gjere tiltak for fleire av turane får Tek17-standard og blir universelt utforma. På Leikanger bør ein følgje tiltaksforslaga som ligg i kartleggingsdokumentet (sjå vedlegg) for å legge til rette for tilrettelagte friluftslivsområde. For Leikanger går dette i stor grad ut på:

- Sørge for heilskapleg tilrettelegging av utvalde turar/område. Skal ein lage til ein universelt utforma turveg bør parkering, toalett, turvegstandard og informasjon vere på plass. Om ikkje alle faktorane er på plass, vil det trekke ned totalopplevinga.
 - Få fleire tilrettelagte samlingspunkt som bålplassar, benkar og gapahukar. Helst i kombinasjon med vakker natur. God tilkomst er avgjerande.
 - Ha minst ein universelt utforma turveg i eit naturområde.
 - Lage universelt utforma badeplass med rampe ned i vatnet.
 - Gang og sykkelsti som går langs fjorden i Leikanger, slik at det blir ein flat turveg ut i
- frå sentrum som også tilbyr spektakulær fjordutsikt.
 - Utvikle fleire tilrettelagde og slake turar i grønne omgivnader nær busetnad, sentrum og fjorden.
 - Utvikle nærturområde som tilbyr eit spekter av turar og samlingsplassar, også for rullestolbrukarar og synsnedsette.
 - Informasjonen om turane må oppdaterast, og tilgjengelegheita til turane må beskrivast. Denne informasjonen bør bli delt i dei ulike informasjonskanalane frivilligheita og kommunen nyttar.



3.3 Fjærland

Fjærland tilbyr spektakulær fjellnatur omringa av isbrear i eit klassisk norsk fjordlandskap. Dei flate områda er godt utnyttta av dei lokale, og det er traktorveggar som baner veg inn i så og seie alle dalane. Tilgangen på mektige naturopplevingar er difor god i Fjærland, og det er turar og målpunkt som ved små tiltak kan kategoriserast som godt tilgjengeleg.

Fleire av turane med potensial har ein stigningsgrad som er innanfor krava til at ein i elektrisk rullestol kan ta den i bruk, men underlaget er ofte så ujamnt at framkommelegheita likevel er redusert for dei med manuell rullestol. Det er ikkje kartlagt ein einaste samlingsplass som har tilgjengeleg plassering eller utforming i Fjærland. Fjærland har og parkeringsplassar som er plassert i såpass stor avstand og så mange høgdemeter frå der turstier startar at det trekk ned tilgjengelegheita til turane. Det gir ofte eit stigningsforhold som gjer at turen går frå grøn til blå/raud.

Universelt utforma turar i Fjærland

Når det kjem til universell utforming er det ingen turar som tilfredsstiller krava. Det er eit par turmål som har rett stigningsgrad og breidde på turvegen, men andre viktig element og minimumskrav blir ikkje oppfylt. Underlaget er for eksempel fleire stadar for ujamnt, det er for smale parti, hinder som stikker over 2 cm over bakken, manglande HC-parkering, usikra parti utan ledelinjer, manglande kvilebenkar og tilrettelagte samlingsplassar. Fleire av dei kartlagde turane som har potensiale er trafikkerte, utan noko

skikkeleg gangfelt.


Det er også veldig mangelfull informasjon som er lagt ut på nett. På kartfunksjonen på ut.no ligg det til dømes berre ein tur som startar i nærleiken til sentrumsområdet i Mundal. Det er lite informasjonsskilt og informasjon på nett, få HC-parkeringar og ingen HC-toalett ved startpunktta.

3.3.1 Konsekvensen av fysiske forhold

Desse forholda gjer at brukargruppene som brukar rullestol og som er svaksynte vil møte store utfordringar om dei skal ta i bruk turvegane i Fjærland. Dette noen av hovedgrunnene:

Biltrafikk gjer turvegen meir utrygg

Det at fleire av turvegane med potensiale for å tilby godt tilgjengeleg/universelt utforma tur er trafikkerte, utan skikkeleg gang-/sykkelveg, fører til at fleire vil ta i bruk bil enn å bevege seg fram av eiga maskin. Det kan skape ubehagelege og farlege situasjonar. Eit eksempel på ein slik veg er vegen mellom museet og sentrum. Dette er ein flat og fin asfaltveg som tilbyr spektakulær utsikt og eit flott utsiktspunkt på vegen, men her er det tronge parti der bilar kjem forbi i fart. For hjulbrukarar kan det opplevast som ubehageleg om dei må dela tronge parti med bilar som kjem forbi i høg fart, og for dei som ikkje høyrer så godt kan det vere ekkelt å ikkje merke at det kjem ein bil forbi før den er rett på sida. Dette gjer at fleire vil ta i bruk bilen, i staden for å gå ruta av eiga maskin.



Mange av dei flate fine vegene i fjærland, er trafikkerte

Lite tilbod for dei som treng å kvile

Mangelen på tilrettelagte kvilebenkar og samlingspunkt gjer at fleire av turane krev at brukarar må gå ein lenger distanse før brukarane får kvilt beina. Dette ekskluderar dei brukarane som er avhengig av å kvile, og som ikkje klarar å sette seg lågt/ned på bakken og reise seg att. Det at samlingsplassane er plassert slik at rullestolbrukarar og andre som slit med å gå i bratt og ujamnt terreng ikkje kjem til, gjer at dei ikkje får ta del i det sosiale som ofte skjer på slike plassar.

Turvegar for dei "spreke"

På grunn av manglande tilbod til flate turvegar som ligg i nærleiken av ein parkeringsplass, har Fjærland lite tilbod til dei som ynskjer å gå flatare turar omringa av grøn natur. Turane med for høg stigningsgrad fører til at ein stor del av brukarane ikkje kjem seg fram, anten fordi det fører til for stor belastning, eller at det blir opplevd som skummelt. Bratt stigning kan for rullestolbrukarar gi stor fart og auka fare for å velte/køyre utfor vegen/stien.

Tiltaksrådingar - Fjærland

Fjærland treng å følgje tiltaksforslaga som ligg i kartleggingsdokumentet, for å skape moglegheit for eit tilrettelagt friluftsliv for alle. For Fjærland går dette i stor grad ut følgjande:

- Sørge for heilskapleg tilrettelegging av utvalde turar/område. Skal ein lage til ein universelt utforma turveg bør parkering, toalett, turvegstandard og informasjon vere på plass. Om ikkje alle faktorane er på plass, vil det trekke ned totaloplevinga.
- Få fleire tilrettelagte samlingspunkt som bålplassar, benkar og gapahukar. Helst i kombinasjon med vakker natur. God tilkomst er avgjerande.
- Ha minst ein universelt utforma turveg i eit naturområde.
- Lage universelt utforma badeplass med rampe ned i vatnet.
- Gang og sykkelsti som går langs fjorden i Leikanger, slik at det blir ein flat turveg ut i frå sentrum som også tilbyr spektakulær fjordutsikt.
- Utvikle fleire tilrettelagde og slake turar i grøne omgivelser nær busetnad, sentrum og fjorden.
- Utvikle nærturområde som tilbyr eit spekter av turar og samlingsplassar, også for rullestolbrukarar og synsnedsette.
- Informasjonen om turane må oppdaterast, og tilgjengelegheita til turane må beskrivast. Denne informasjonen bør bli delt i dei ulike informasjonskanalane frivilligheita og kommunen nyttar.



3.4 Balestrand

Balestrand har eit stort nettverk av turstiar som ligg tett på busettinga. Desse har fleire innfartspunkt, parkeringsmoglegheitene er gode og stiane er godt skilta. Utanfor sentrum har du samlingsplassar og hytter som bidreg til samlingspunkt og eit sosialt friluftsliv i nær tilkomst frå bilvegen. Det er difor mange turar som er tilnærma godt tilgjengeleg i Balestrand, men fleire av dei mangla informasjon som beskriv tilgjengelegheita. Dette er eit krav for at turane skal bli klassifisert som godt tilgjengeleg tur.

Universelt utforma turar i Balestrand

Det er derimot ingen av turane som tilfredsstillar krava til universell utforming. Det er i stor grad på grunn av at dei fleste kartlagde ferdselsåreane er stiar og ikkje turveg, at det er parti med for bratt stigning eller tverrfall, og at de fleste samlingsplassane ikkje er tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Dette er anten fordi tilkomsten er for dårleg eller fordi utforminga ikkje er god nok. Det er for eksempel ein kjempefin gapahuk langs Naturs-tien, men tilkomsten er ikkje rullestolvenleg på

grunn av breidda og hellinga på tilkomsten, samt hindringar som røter og stein med ein nivåskilnad på over 2 cm. Gapahuken er også utforma slik at det ikkje er plass til at rullestolbrukarar kjem seg under tak og kan sitte rundt bålet. Dette er eit gjentakande problem i Balestrand, og sjølv om det er mange fine gapahukar og bålplassar, er ingen av dei universelt utforma eller tilgjengeleg for rullestolbrukarar.

Eit eksempel på ein turveg som er for smal og har for dårleg kontrast, er stiane som er på Friluftsområdet ved Lunde. Runden har lengre parti der det er lite kontrast mellom sti og omgivnadane, der stien hovudsakleg består av gras. Dette gjer at det kan være vanskeleg for synsnedsette å sjå kor stien går og navigere seg fram.

3.4.1 Konsekvensen av fysiske forhold

Konsekvensen av dei fysiske forholda gjer at rullestolbrukarar har eit svært avgrensa tilbod i Balestrand dersom dei ønskjer å komme bort frå asfalten. Moglegheita for å ta del i det sosiale som skjer rundt ein bålplate og i ein gapahuk er dårleg, sidan det ikkje er tilbod som både er tilgjengeleg plassert og tilgjengeleg utforma. Dette er nokon av konsekvensane det førar med seg.

UU utforma hytter blir utilgjengeleg

Kløyv dagsturhytte er den einaste hytta i Sogndal kommune som er universelt utforma, men den har ein tilkomst som ikkje er rullestolvennleg fordi hellinga er for bratt, grusen er for laus, svingane for krappe og manglande sikring mellom den skarpe svingen og stupet (sjå bildet). Dette kan i verste fall føre til farlege situasjonar. Benkane rundt bålplassen utanfor hytta er også for låge til at dei kan brukast av dei som har problem med å sette seg ned og reise seg att.

Utforminga gjer at rullestolbrukarar blir ekskludert frå å ta del i det sosiale som ofte skjer på slike plassar.



Skarp sving ved Klyvd dagsturhytte, som kan skape farlege situasjonar for hjulbrukarar

Smale parti og stor trinnhøgde

Dei fysiske forholda på stiane er i dei fleste tilfella med på å gjere det vanskeleg for rullestolbrukarar og synsnedsette å komme seg fram. Smale parti kan i verste fall stoppe tilgangen, bruar med trinnhøgde over 2 cm kan gjere det vanskeleg for rullestolbrukarar å komme seg på, og bruar utan gelender kan for dei med redusert balanse opplevast som ubehageleg og i verste fall føre til fall. Steinete parti med mykje røter gjer det og vanskeleg for dei med barnevogn å ta i bruk stiane.



Gapahuk med for smal inngang for rullestolbrukarar

Tiltaksrådingar - Balestrand

Tiltaka er forslag til kva som bør gjerast i Balestrand for å gjere turløypene endå meir tilgjengelege. Sidan fleire av turane allereie har eit så godt utgangspunkt for å vere tilgjengelege, er det anbefalt å gjere tiltak etter TEK17 standard, slik at fleire turløyper blir universelt utforma. Balestrand bør følgje tiltaksforslaga som ligg i kartleggingsdokumentet (sjå vedlegg) for å gjere friluftslivet meir tilgjengeleg for fleire brukarar. For Balestrand, går dette i stor grad ut på følgjande:

- Gjere fleire av gapahukane og bålplassane tilgjengelege for rullestolbrukarar ved å utbetre tilkomsten og utforminga av samlingsplassen.
 - Ha minst ein badeplass som er tilgjengeleg for rullestolbrukarar.
 - Utbetre stiar med ledeliner, utjamning av underlag og gelender på utsette stader for å gjere det lettare for personar med dårleg balanse
- eller synshemming å ta seg fram.
- Beskrive tilgjengelegheita for dei ulike turane i samsvar med krava til godt tilgjengeleg på ut.no og i andre informasjonskanalar.
 - Utbetre nokre utvalde stiar i samsvar med nasjonal standard for universelt utforma turar.



3.5 Sogndal/Kjøernes

Sogndal er ein vakkert plassert bygd. Fjellet og fjorden ligger tett på sentrum, noko som gjer at det ikkje skal mykje til for å få ein god naturoppleving i bygda. Du finn gamle ferdselsårer som slynger seg langs fjorden med lange flate parti. Sogndal har difor turar som vil kunne bli kategorisert som godt tilgjengelege med små utbetringar. Her er utfordringa hovudsakeleg lite informasjon og manglande kvilebenkar/samlingsplassar.

Samstundes er Sogndal også veldig bratt, og tilgjengelegheita til turane varierer i stor grad etter kor du bur. Bur du for eksempel på Stedjesida må du gå heilt ned i sentrum for å finne dei flate turområda eller ein bratt grusveg opp til Flatane. Ein stor del av turane som går ut i frå sentrum er asfaltert og trafikkert. Ønsker du å komme deg ut på tur i naturen må du komme deg opp i høgda, ta ein 20 minutters sykkeltur eller ein kort køyretur.

Universelt utforma turar i Sogndal

Når det kjem til universelt utforma turvegane har Sogndal tilbod som kan reknast som rullestolvenlege. Fjordstien er til dømes rullestolvenleg store delar av strekninga, sjølv om delar av strekninga ikkje har same tilretteleggingsgrad. Men alle dei universelt utforma tilboda er anten asfaltert eller går i nærleiken av busetnad. Turane har heller ikkje toalett eller informasjonstavler. Det er ingen universelt utforma turar for rullestolbrukarar i naturen per no. Dei fleste turane har ujamnt og blautt underlag, bratt stigning, smal sti, mangel på tilrettelagte samlingsplassar, manglande HC-parkering, manglande toalett og manglande informasjonsskilt/informasjon på nett.

3.3.1 Konsekvensen av fysiske forhold

Desse forholda gjer at brukargruppene som brukar rullestol og som er svaksynte vil møte store utfordringar om dei skal ta i bruk turvegane/stiane i Sogndal. Dette er nokon av hovudgrunnene:

Redusert framkommelegheit for hjulbrukarar

Fleire av turane som har potensiale til å vere i godt tilgjengeleg kategorien ekskluderer ein god del brukarar på grunn av ujamnt underlag med røter og stein. Underlaget er såpass ujamnt på stiane rundt Sogndal at rullestolbrukarar, syklistar, synsnedsette og dei med barnevogn møter på problem dersom dei skal ut i naturen. Enten fordi hindringar gjer det fysisk umogleg eller fordi det blir ubehageleg.

Røvhaugane er eit eksempel på ein fantastisk turplass, med parkering tett på ein sti som går i slakt naturterreng fram til eit utsiktspunkt. På grunn av stein og ujamnt underlag, smal sti og dårleg utforma grunder er dette likevel ein tur som er utilgjengeleg for mange brukargrupper.

Ekkluderande samlingspunkt

Moglegheita for rullestolbrukarar og synsnedsette til å ta i bruk samlingspunkt i naturen som bålplassar, gapahukar og liknande er også begrensa på grunn av utforming og plassering. Det er til dømes ein fin gapahuk på vegen mot Stedjeåsen, men denne er plassert på eit punkt som er så bratt og med så smal sti at rullestolbrukarar ikkje har sjanse til å komme dit. På asfaltvegen rundt Stedjeberget er det benkar som er tilgjengelege, men desse er i dårleg stand, noko som påverkar tilgjengelegheita. Fleire av benkane er ustødige og har ein lågare høgde enn det som er anbefalt. Dette gjer at dei som treng god støtte eller som har utfordringar med å sette seg langt ned og reise seg opp ikkje vil klare å ta dei i bruk.



Røvhaugane: mykje stein på stien, som er eit av elementane som gjer plassen utilgjengeleg for mange brukargrupper

Konsekvensen av det kan vere at nokon av dei som treng å ta seg en kvil på turen ikkje får moglegheita til det.

Bratte dalsidar

Dei bratte dalsidene gjer at tilgjengelegheita til turmåla er avhengig av kvar ein bur i bygda. Dette gjer at mange innbyggjarar i Sogndal sentrum må klare å gå i bakkar eller ha bil for å kome seg ut på tur. At det opplevast krunglete å komme seg fram til turstarten aukar terskelen for å koma seg ut på tur.

Tiltaksrådingar - Sogndal

I Sogndal bør ein følgje tiltaksforslaga som ligg i kartleggingsdokumentet (sjå vedlegg) for å legge til rette for tilrettelagte friluftslivsområde. For Sogndal går dette i stor grad ut på:

- Utvikle godt tilgjengelege turar i flatt terreng i overkant av byggefelta på begge sider av bygda.
- Ha minst ein universelt utforma tur i eit naturområde nær bygda.
- Plassere fleire kvilebenkar på dei anbefalte turane og stiane. Fikse opp benkar som er øydelagt. Byte ut benkar som er tilgjengelege for rullestolbrukarar og synsnedsette, men som ikkje er tilgjengeleg utforma, med benkar som er tilgjengeleg utforma.
- Ha minst ein badeplass som er tilgjengeleg for rullestolbrukarar med rampe ned i vatnet.
- Gjere tilkomst og utforming av bål plassar og gapahukar meir tilgjengeleg for fleire brukargrupper.
- Utvikle nærtuområde som tilbyr eit spekter av turar og samlingsplassar, også for rullestolbrukarar og synsnedsette.
- Informasjonen om turane må oppdaterast, og tilgjengelegheita til turane må beskrivast. Denne informasjonen bør bli delt i dei ulike informasjonskanalane frivilligheita og kommunen nyttar.



3.6 Eksempel på Kartlegging og tiltaksbeskrivelse

Me skal no gå inn på nokon eksempel på korleis kartlegginga har blitt gjort. Dette er nyttig for å få eit innblikk i kva som blir kommentert på, og eksempel på tiltak. Det er berre eit lite utval av dei kartlagte turane som er eksemplifisert her. Resten finn dei i eit exceldokument der resultat frå kartlegginga av alle turane er skive ned.

Røvhaugane

Sogndal



Fakta

Lengde: 400 m

Sesong: Sommar

Turvegtype: Sti m. stein og jordunderlag



Beskriving og kvalitetar

Ein populær og lett tilgjengeleg turvei, lokalisert tett intil bebygd område i Sogndal sentrum. Området tilbyr et lett tilgjengeleg turområde for dei som bor høgt oppe i byggefeltet på "Solsida" av sogndal. Røvhaugane har mange koblingspunkt, og moglegheiter for kortare og lengre rundar. På røvhaugane er det samlingsplassar som bålplassar, gapahuker, fotballbane og utsiktspunkt. Men dei er ikkje tilrettelagt.

Anbefalte tiltak for at turen skal bli tilgjengeleg for fleire brukergropper

- Lag benk ved utsiktspunkta, som er tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Husk på utforming
- Jamne ut vegen fra parkeringsplassen til utsiktspunkt.
- Gjer vegen breiare og lag eit fast og tørt underlag heile vegen (anbefalt breidde er 180 cm, slik at to rullestolbrukarar kan møtast. Avvik på korte strekningar kan akseptast, men vegen må ha minimumsbreidde på 90cm).
- Fjern hinder som har ein høgare nivåforskjell enn 2cm (som til dømes stein og røtter).
- Gjer grinda breiere (min 90 cm), og lettare å få opp. Den må kunne håndteres fra "sittande høyde".
- Lage ein UU bålplass ved utsikta, der rullestolbrukarar har både tilgang til å sitte under eventuelt tak og rundt bålet.

Huksdalen


Leikanger

Fakta

Lengde: 3 km (tur/retur)

Sesong: Sommar

Turvegtype: Sti m.
jordunderlag



Beskriving og kvalitetar

Ein nydeleg grusveg, som gjer lett tilgang til høgfjellsnatur. Den har litt bratte partier og stort tverrfall pga oppsamling av grus, noko som er barrierer som gjer at ein del brukarar ikkje kan ta den i bruk. Turen har ikkje nokon naturlege samlingsplassar, og merkinga der grusvegen slutta, er dårleg.

Anbefalte tiltak for at turen skal bli tilgjengelig for fleire brukergropper

- Jamne vegen fra parkeringsplass til utsiktspunkt.
- Gjera tverrfallet på vegen mindre (tverrfall < 5%).
- Gjera passasjen mellom bom og veg breiare (min 90 cm), slik at rullestolbukarar kan kome forbi.
- Ha minst ein samlingsplass/plass med kvilebenkar. Dette gjer plassen meir attraktiv også for dei som ikkje kan gå så langt.
- Legge ut info på ut.no, som beskriv forholda.

Museumsstien

Kaupanger



Fakta

Lengde: 2,8 km (tur/retur)

Sesong: Sommar

Turvegtype: traktorveg m. jordunderlag



Beskriving og kvalitetar

Ein kort tur, som ligg sentralt plassert på Kaupanger. Turen består av ein traktorveg, som forgreina seg ut i turstiar. Turvegen knytter Vesterland feriepark og museet saman, og går i flott skogkledd landskap.

Anbefalte tiltak for at turen skal bli tilgjengelig for fleire brukargrupper

- Heile strekningen bør utarbeidast som UU turveg.
- Det bør plasserast kvilebenkar jamt utover.
- Belysning bør vurderast.
- Parkeringsmuligheiter som er nærare turstart.
- Lag ein samlingsplass som til dømes gapa-huk eller bålplass i området.
- Gjere tilkomsten til museet fra turvegen UU utforma.
- Sørge for at heile strekninga er godt drenert, slik at bløte parti vert unngått.

Kløyvd dagsturhytte

Balestrand




Fakta

Lengde: 400 m (tur/retur)

Sesong: Sommar

Turvegtype: Sti m. laus grusunderlag



Beskriving og kvalitetar

Kløyvd dagsturhytte er ei perle i Balestrand i Sogndal kommune, som tilbyr spektakulær fjellutsikt. Den ligg nær til bilveg, men likevel plassert slik at ein får ei mektig naturopplevning av å vere på hytta. Det er bål plass og rom til å samle seg både i og utanfor hytta. Stien ned er desverre ikkje tilgjengeleg for alle, på grunn av breidde, helling, manglande sikring av bratte parti og laust underlag.

Anbefalte tiltak for at turen skal bli tilgjengeleg for fleire brukargrupper

- Lage gelender/sikring på dei bratte partia av stien.
- Gjere stien breiare, slik at rullestolbrukarar kan møtast (breidde: 120- 180 cm).
- Gjer grusen meir kompakt, slik at den ikkje blir så laus.
- Lag høgare benker til bål plassen, slik at dei som ikkje klarer å reise seg opp fra lav posisjon kan ta dei i bruk.
- Bedre informasjon om turen på nett.



5 Kartlegging av turinformasjon

Kartleggingsresultat av turinformasjon



Kvalitet og mengde av innhald

Gjennom kartlegginga av informasjonsbehovet til brukarar, har vi fått verdifull innsikt i korleis kvaliteten på turinformasjonen er. Vi har blant anna hatt ein spørjeundersøking som fekk inn 249 svar. 96% av dei med nedsett funksjon meiner det er manglande informasjon, og informasjon som ikkje stemmer med verkeleggheta i turbeskriving (86% for dei som ikkje har huka av for "nedsett funksjon").

Det er også gjort intervju og brukartestar rundt brukaren si reise og opplevning i det å søkja etter turar med bestemte kriterium, som til dømes "rullestolvennleg". Fleire uttrykk at dei fant lite informasjon om kor dei tilrettelagte turane er her i Sogndal. Skulle ein til dømes forsøkje å søke på turar som er tilrettelagt for rullestolbrukarar i Sogndal på ut.no, kom det opp ein tur. Men der var informasjonen utdatert, den går i sentrum, og har parti som faktisk ikkje er tilrettelagt rullestol-

brukarar.

Det er heller ingen måte å søkja på informasjon etter turar som er går under kategorien "godt tilgjengelig". Treng ein til dømes å finne ein sti som er flat, og utan element som har stor trinnhøgde må ein inn å lese på alle stiane som kjem opp som grøn på ut.no. Nokon av dei har informasjon som forklara forholda, dei fleste ikkje.

Kva slags plattformer blir brukt?

Undersøkinga syner at eit stort fleirtal brukar tjenesten ut.no for å finne informasjon. Etter ut.no seier eit stort fleirtal at det er kommunale/ fylkeskommunale nettsider som blir brukt for å finne turinformasjon. Dette syner viktigheita av å ha god informasjon både på ut.no og på kommunale sider.

Konsekvens av kvaliteten på turinformasjon

Føreseielegheit er viktig for mange brukargrupper, og god informasjon er ein god måte å gi det på. Det at mykje av turinformasjonen er feil/misvisande, kan føre med seg at folk mister tiltit til informasjonen dei finn på nett. Ein konsekvens av dette, er at nytteverdien i informasjonsplattformen blir sterkt redusert, fordi folk sluttar å bruke den og leitar etter andre informasjonskjelder.

Ein anna konsekvens av manglande informasjon er at det kan føre til farlege/ubehagelege situasjonar. For det fyrste kan misvisande informasjon gjere at folk kjem i situasjonar dei helst vil unngå. Dette kan til dømes vere at personar må gå lenger enn dei tenkte/ har fysiske evner til, ein møter hinder som man ikkje klarar å kome seg over eller utforming som gjer at ein blir ekskludert frå å ta plassen i bruk. I verstefall fører dette med seg at ein treng assistanse for å kome seg tilbake, at den fysiske anstrenginga gir eit negativt utfall for helsa eller eventuell

uventet ekskludering frå å ta i bruk plassar ein trudde var tilrettelagt. Dette er det ikkje alle som kan eller ynskjer å utsette seg for. Mange treng føreseielege og trygge rammer, spesielt ute i naturen. Det å fokusere på å ha kvalitetssikra og utfyllande turinformasjon slik at folk kan få eit godt grunnlag til å sjølv vurdere om ein tur passar for dei eller ikkje, er eit viktig tiltak for å gjere naturen tilgjengeleg for fleire.

For Sogndal, som har eit stort fokus på ekstremsport og er omkransa av bratte fjell, krev store deler av områda ein viss fysikk for at dei kan bli tatt i bruk. Likevel er det mange flotte plassar som er tilgjengeleg for eit stort tal brukarar. Desverre er det ikkje alle som veit om desse. Det er lite fokus på og manglande informasjon om desse turområda. Dette fører med seg at ikkje finn dei turane som faktisk er tilrettelagte, og for nokon betyr dette at dei held seg heime istaden for å ta i bruk naturen.

Tiltaksrådingar - turinformasjon

Det bør bli satt i gang eit arbeid for å skape og sikre god og beskrivande turinformasjon om turane som er godt tilgjengeleg/ UU utforma i sogndal kommune. Ifølge miljødirektoratet kan kart og anna turinformasjon redusere behovet for fysisk tilrettelgging. Det bidreg også til kunnskap, motivasjon og tryggleik. Dette kan gjerast gjennom å fokusere på desse tenestene:



- Sørge for ein brukervenleg kommunal plattform som har oppdatert turinformasjon, også om turar som er godt tilgjengeleg eller Universelt utforma.
- Leggje ut fleire, og oppdatere turar på ut.no
- Leggje ut informasjon om tura som er godt tilgjengeleg og UU utforma (DNT jobbar nå med å lage ein nasjonal mal for korleis informasjon som definerer turar som går under godt tilgjengeleg skal beskrivast. Når den er ferdig definert, bør godt tilgjengeleg turar beskrivast og bli lagt ut etter malen)
- Markedsføre turar som går under godt tilgjengeleg eller universelt utforma (sjå excelark eller liste på neste side, for tips til turar som bør bli markedsført).

Topp 10 turar som kan bli markedsført i dag

For å få ut informasjonen om turar og turmål som allereie kan nyttast av personar med nedsett funksjonsevne har me laga ei liste over turar i kommunen som bør løftast fram som godt tilgjengelege turar med stor opplevingsverdi. Sjølv om ingen av desse turane er universelt utforma, er det turar som bør formidlast betre, med detaljert beskriving av tilgjengelegeheita:

1. Røvhaugane, Sogndal
2. Folkestien ved Vikane, Kjørnes
3. Huksdalen, Leikanger
4. Anestølen, Sogndalsdalen
5. Vegen mellom Mundal og Jordal (sykkel), Fjærland
6. Supphellebreen, Fjærland
7. Kløyvd dagsturhytte, Balestrand
8. Kongeplassen, Kaupanger
9. Barsnes, Sogndal
10. Gapahuk ved Øvstedalen, Sogndal



6 Oppsummering av tiltaksrådingar

Mange av problemstillingane og tiltaksanbefalingane går att i dei fleste tettstadane. Dette er ein oppsummering av tiltaksanbefalingar som gjeld for dei fleste bygdene:

- Behov for benkar langs turveggar som har tilgjengeleg tilkomst og utforming
- Behov for tilgjengeleg tilkomst og utforming til gapahukar og bål plassar
- Alle tettstadane manglar universelt utforma turtilbod i naturområde
- Legge ut informasjon på ut.no om godt tilgjengelege turar, med omtale av tilgjengeligheta
- Behov for minimum 90 cm brei tilkomst på sida av bom og gjennom grunder.
- Jamne ut og bearbeide underlag på utvalde stiar
- Lage ein driftsmodell og driftsplan som sikrar vedlikehald av dei tilrettelagte plassane, og som sikrar at vidare bygging ikkje øydelegg for det som allereie er tilrettelagt.

Kartlegginga synleggjer at **det er eit stort behov for tilrettelegging av turveggar/-stiar i naturområde i Sogndal kommune for personar med funksjonsnedsetting**. Denne type tilrettelegging vil også senke terskelen for å kome seg ut på tur hjå andre brukargrupper. Informasjonen om flate turar i kommunen er også manglande, og er eit viktig supplement til den fysiske tilrettelegginga. Tiltaka som er foreslått i denne rapporten vil vere viktige steg for å få fleire innbyggjarar til å auke livskvaliteten og betre folkehelsa gjennom aktivitet, opplevingar og rekreasjon i naturen.

For å halde tilrettelegginga ved like treng ferdselsårer, bål plassar og andre anlegg vedlikehald og reoperasjon ved slitasje, erosjon, skader og hærverk. Mange område vil også trenge jamleg tilsyn for tømning av toalett og søppelkasser, klipping av gras, rydding av vegetasjon, påfyll av grus, opne stikkrenner og liknande. Behovet for skjøtsel, vedlikehald og tilsyn vil variere med tilretteleggingsgraden. Auka tilrettelegging vil difor også krevje auka behov for gode driftsmodellar som tek vare på kvaliteten til turtilboda gjennom samarbeid mellom kommunen og frivilligheita.

